



**DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/537-72

09.05.2016

Oppdatering av kriteriet "innbyggjarar busette spreitt" i inntektssystemet for fylkeskommunane

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til e-post av 13. august 2015 frå Hordaland fylkeskommune ved økonomisjefen, der det blir peika på at oppdatering av kriteriet innbyggjarar busette spreitt vil gje dramatiske endringar for Hordaland. I rammetilskotet for 2016 blei tal for innbyggjarar busette spreitt ikkje oppdatert.

Statistisk sentralbyrå (SSB) forbetra i 2013 metoden for å avgrense tettstader ved å gjere nytte av nøyaktige digitale kartdata. Ved å ta omsyn til faktisk arealbruk blir avgrensinga mellom tettbygde og spreittbygde areal meir presis, noko som er ei betring av statistikken. Endringane gjev ulike utslag mellom fylka. Ifølgje SSB går talet på innbyggjarar busette spreitt i Hordaland ned, både fordi folketalet i eksisterande tettstader har gått opp og fordi at det har blitt oppretta ein god del nye tettstader, særleg i kommunane rundt Bergen.

For at inntektssystemet skal fange opp reelle utgiftsbehov mellom fylkeskommunane, er det ønskjeleg å bruke mest mogleg oppdaterte kriteriedata. Departementet vil difor bruke tal for innbyggjarar busette spreitt i 2015 i rammetilskotet for 2017.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Sissel Ferstad
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi:

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Kommunesektorens organisasjon
Møre og Romsdal fylkeskommune
Nordland fylkeskommune
Nord-Trøndelag fylkeskommune
Oppland fylkeskommune
Oslo fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sør-Trøndelag fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Østfold fylkeskommune